

Spørsmål til Brende

(Aftenposten 21.12.2015)

Tre spørsmål til utenriksminister Bjørge Brende:

1. Kor langt i udemokratisk og autokratisk retning kan ein medlemsstat i NATO bevege seg før spørsmålet om medlemskap blir drøfta i organisasjonen? Jf utviklinga i udemokratisk og autokratisk retning i Tyrkia under Erdogan.
2. Under kva for vilkår kan ein medlemsstat i NATO bli medlem i andre internasjonale militæralliansar, som potensielt kan komme i konflikt med NATO? Jf NATO-staten Tyrkia som no er medlem i ein muslimsk militærallianse initiert av halshoggarstaten Saudi Arabia.
3. I kor stor grad kan ein medlemsstat i NATO de facto gje støtte til terrorgrupper som går til åtak på andre NATO-statar? Jf den økonomisk viktige oljetransporten for terrorgruppa ISIS, over grensa og inn i Tyrkia, der olja blir omsett – eit forhold som har vori kjent for UD sidan i sommar, som er påpeika frå russisk sida, og som blir benekta frå tyrkisk side.

Dersom utanriksminister Brende har problem med å svare, vil eg råde han til å ta ein telefon til Jens Stoltenberg, for Stoltenberg, som generalsekretær i NATO må kunne svare på desse spørsmåla som har allmenn interesse for oss som NATO-medlem og som dermed er forplikta til å forsvare Tyrkia militært i tilfelle konflikt.